



Vedtekter for Leven- Nordhordland rockeklubb

Vedteke av skipingsmøtet 23.10.2023.

§ 1 Presentasjon

Namnet til organisasjonen er Leven- Nordhordland rockeklubb stifta 23.10.2023

§ 2 Formål

- 2.1. Leven- Nordhordland rockeklubb er ein frittståande, idealistisk kulturorganisasjon som skal fremja gode kulturelle møteplassar for innbyggjarane i Nordhordland.
- 2.2. Leven- Nordhordland rockeklubb ein partipolitisk nøytral organisasjon.

§ 3 Organisasjonsform

Leven- Nordhordland rockeklubb er ein frittståande juridisk organisasjon med medlemmer, og er sjølveigande. At den er sjølveigande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på formuen eller eigedelane i foreininga, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktingar.

§4 Verksemds idé

- 4.1. Leven- Nordhordland rockeklubb skal arrangera arrangement av høg kunstnarisk verdi for innbyggjarane i Nordhordland, både i eigen regi og i samarbeid med lokaleaktørar. Hovudsete for organisasjonen er i Alver kommune.
- 4.2. Leven- Nordhordland rockeklubb skal vera ein møteplass for nye utøvar, profesjonelle utøver og ulike lokallag i regionen, ved å skapa arrangement og aktivitetar i alle delar av regionen.
- 4.3. Leven- Nordhordland rockeklubb skal fremja mangfald og likestilling i sitt kunstnariske virke, derav alltid streva femti-femti etter kjønnsbalanse på utøvarsida.
- 4.4. Leven- Nordhordland rockeklubb skal fremja nynorsken i sitt virke.
- 4.5. Leven- Nordhordland rockeklubb skal vera ein organisasjon som jobbar miljøvennleg og berekraftig i sitt virke.
- 4.6. Leven- Nordhordland rockeklubb skal jobba for å levera gode kulturopplevingar også til barn og unge under 26 år i regionen

§ 5 Medlemmer

- 5.1 Alle som stiller seg bak Leven- Nordhordland rockeklubb sitt formål, verksemd idé og vedtekter, kan teikna medlemskap i klubben.
- 5.2 Medlemskap i klubben gjeld pr kalenderår og blir betalt for eitt år av gongen.
- 5.3 Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og er etter eit halvt år i klubben valberre til styret i klubben.
- 5.4 Medlemmene pliktar å ta omsyn til vedtak som er fatta av årsmøte og følgje gjeldande retningslinjer.

§ 6 Kontingent

Kontingenten blir fastsett av årsmøtet og blir forskotsvis betalt.

§ 7 Årsmøte

- 7.1 Årsmøtet, som blir halde kvart år, er den høgaste styresmakta til Leven- Nordhordland rockeklubb og blir halden innan slutten av april.
- 7.2 Innkalling og sakspapir
 - a.) Innkalling til ordinært årsmøte blir send ut av styret i Leven- Nordhordland rockeklubb seinast ein måned før årsmøtet skal haldast.
 - b.) Saker til behandling av styret må vera styret i hende skriftleg seinast to veker før årsmøtet.
 - c.) Sakspapir skal vera behandla av styret i klubben i forkant av årsmøtet. Sakspapir skal vera tilgjengeleg for medlemmer i klubben seinast ei veke før årsmøtet finn stad.
- 7.3 Stemmegrunnlag
 - a.) Leven- Nordhordland rockeklubb medlemmene sine har stemme-, tale og forslagsrett. Kvart medlem med betalt kontingent har ei stemme på årsmøtet. Stemmegiving kan ikkje skje ved fullmakt.
 - b.) Valkomiteen har tale- og forslagsrett på årsmøtet.
 - c.) Observatørar og gjester kan inviterast av styret i klubben til å delta på årsmøtet. Desse har talerett.
- 7.4 Dagsorden for årsmøtet skal bestå av:
 - a.) Konstituering
 - 1.) Opning av møtet
 - 2.) Godkjenning av stemmeføre
 - 3.) Godkjenning av innkalling og sakspapir
 - 4.) Val av ordstyrar og referent
 - 5.) Val av to protokollunderskrivarar
 - b.) Årsmelding
 - c.) Årsrekneskap

- d.) Innkomne saker
- e.) Handlingsplan
- f.) Budsjett
- g.) Styreinstruks
- h.) Fastsetja kontingent
- i.) Val av:
 - 1.) Styreleiar
 - 2.) Andre styremedlemmer

Styreleiar blir vald særskilt. Alle val går føre seg skriftleg dersom det ligg føre meir enn eit forslag, eller viss nokon forlanger det. Blanke stemmer skal reknast som ikkje gitt. Styret konstituerer seg sjølv.

7.5. Årsmøtet skal ikkje behandla andre saker enn dei som er omtalte i sakspapira, med mindre 3/4 av dei frammøtte krev det.

7.6. Årsmøteprotokollen

a.) Årsmøteprotokollen skal gjerast tilgjengeleg for medlemmer i klubben seinast ein månad etter årsmøtet.

b.) Årsmøteprotokollen skal innehalda referat, tilleggs- og endringsforslag, avstemmingar og endelege vedtak.

7.7. Vedtaksreglar

Årsmøtet gjer vedtak med alminneleg fleirtal, bortsett frå ved tillegg til mønstervedtekter og oppløysing der det krevst 2/3 fleirtal. Stemmelikskap blir avgjord ved loddtrekking.

7.8. Ekstraordinært årsmøte

a.) Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det nødvendig, eller 2/3 av medlemmene har kravd det skriftleg overfor styret.

b.) Innkalling skjer på same måte som for ordinære årsmøte.

c.) Ekstraordinært årsmøte kan berre behandla og ta avgjerder i sakene som er kunngjorde i innkallinga.

§ 8 Styret

8.1 Klubben har eit styre på minimum 1 styreleiar og 2 medlemmer, og dessutan 1 vara som blir vald på årsmøtet. Styret er høgaste styresmakt mellom årsmøta.

8.2 Klubben skal fremja mangfald og likestilling, derav alltid streva femti-femti etter kjønnsbalanse i styret.

8.3 Ved fråfall i styret i perioden mellom to årsmøte supplerer styret seg sjølv ved at vararepresentant blir trekt inn som ordinær medlem. Ved styreleiars fråfall trer nestleiar inn i staden til leiaren. Ved færre enn minimum talet på i styret, må ein innkalling til ekstra ordinært årsmøte for å supplera seg sjølv.

8.4 Mandat og oppgåver til styret

- a.) Styret skal leia organisasjonen i perioden mellom årsmøta og følgja vedtak og retningslinjer fatta av årsmøtet.
- b.) Styret skal arbeida etter gjeldande styreinstruks vedteke på årsmøtet.
- c.) Styret er ansvarleg for at organisasjonsøkonomien og forpliktingar er gjenstand for kontroll, og at rekneskap og revisjon skjer etter gjeldande lover og forskrifter.
- d.) Styret er ansvarleg for at det blir utarbeidd årsrapport, årsmelding, handlingsplan og budsjett som skal til behandling på årsmøtet.
- e.) Styret kan utnemna representantar til forum der klubben skal representerast.

8.4 Styremøter

- a.) Styret skal halda minimum fire styremøte i året.
- b.) Det skal førast referat frå alle styremøta, som blir gjorde tilgjengeleg for styre og medlemmer innan éin månad.
- c.) Styret er vedtaksdyktig ved meir enn 50 % oppmøte.
- d.) Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme.

§9. Valkomité

- 9.1 Styret konstituerer ein valkomité seinaste to månader før årsmøtet.
- 9.2 Oppgåva til valkomiteen er å finna kandidatar til styreleiarvervet og andre verv. Det sitjande styret og medlemmene i organisasjonen kan komma med innspel til valkomiteen.
- 9.3 Valkomiteen skal kontakta kandidatar og presentera dei i sakspapira som blir gjorde tilgjengeleg for medlemmene i samband med innkalling til årsmøte.

§ 10 Andre tilslutningar og medlemskapar

Leven- Nordhordland rockeklubb kan vera medlem av organisasjonar og nettverk som gagnar organisasjonsverksemda og formål. Styret avgjer kvar klubben er medlem.

§ 11 Vedtektsendring

Endringar av desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krevst 2/3 fleirtal av stemmene.

§ 12 Oppløysing

- 12.1 Oppløysing av organisasjonen kan berre behandlast på ordinært årsmøte, og krev 2/3 fleirtal. Blir oppløysing vedteken med minst 2/3 fleirtal, blir kalla inn ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at oppløysing skal skje må vedtaket her gjentakast med 2/3 fleirtal.
- 12.2 Organisasjonens formue skal etter oppløysing og gjeldsavlegging falla til det formålet klubben arbeider for å fremja, ved at nettoformuen blir gitt til ein ideell organisasjon som årsmøte bestemmer. Ingen medlemmer har krav på klubbens midlar eller del av desse.